



**Vågå
kommune
Landbrukskontoret for Sel og
Vågå**

Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref.
2007/142/6/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Per-Ivar Weydahl
61293671

Dato
08.03.2013

Endringar i jordlova, §12, deling - høyring Uttale frå Vågå kommune

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning fatta følgjande fråsegn i sak 10/13 den 8.3.2013, vedr. endringar i jordlova:

Vedtak: Samrøystes.

Vågå kommune støtter forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i jordlovens § 12 fordi nytt lovforslag vil føre til ei betre tilpassing til dagens praksis.

VK meiner imidlertid at omsynet til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket og omsynet til kulturlandskaper må inn i ny lovtekst.

Vidare ber VK LMD avklare kva slags areal som kan delast frå sjølv om det ikkje ligg til rette med tanke på drift, eigedoms- og bruksstruktur, og vern av landbruksressursane, og til slutt korleis kommunane skal handtere frådelingssaker der rettigheit til setre mm. vil bli eit tema.

Med helsing

Per-Ivar Weydahl
Landbrukssjef



**Vågå
kommune**

Arkivsak: 2007/142 -5

Arkiv:

Saksbehandlar:

Per-Ivar Weydahl

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
10/13	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	08.03.2013

Endringar i jordlova, §12, deling - høyring

Vedlegg vedlagt: Utsendte høyringsdokument frå LMD

Landbruksdepartementet har den 24. januar sendt på høyring endringar i jordlova § 12. Dokumentet vart ikkje sendt ut til kommunane av ukjente årsaker, men kom først til kommunane ca. 15. februar etter at departementet vart gjort kjent med lapsusen.

Høyringsfristen er sett til 7. mars. Det var tiltenkt å gje 6 vekers høyringsfrist. I realiteten er det berre gjeve 3.

Etter gjeldande delegasjonsreglement er det hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning som fattar fråsegn i denne type saker

Det er tale om relativt store endringar i delingsparagrafen (§ 12)

Forslaget i høyringsnotatet er ei oppfølging av Meld. St. 9 (2011-2012) om landbruks- og matpolitikken der Regjeringa mellom anna set fram forslag om å lempe på delingsføresegnene i jordlova.

Departementet sitt forslag skal gje kommunane eit vidare handlingsrom til å tillate frådelingar ut frå dei konkrete utfordringane som finst i området der eigedommen ligg. Søknadsplikta blir oppretthalde, men departementet vil endre fokus bort frå ei restriktiv forbodstanke. Utgangspunktet skal vere at deling kan tillatast dersom det ikkje går ut over dei interessene delingføresegna skal verne.

Der formålet med delinga inneber at dyrka eller dyrkbar jord skal takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, foreslår departementet at delingssamtykke ikkje skal kunne givast før det er gitt samtykke til omdisponering. Delingssamtykke skal heller ikkje kunne givast i dei tilfella der frådeling krev dispensasjon etter plan- og bygningslova. Departementet foreslår vidare å oppheve dei lovfesta vilkåra om at delingssamtykke berre kan givast dersom det ligg føre samfunnsinteresser av stor vekt, eller det er forsvarleg ut frå den avkastinga eigedomen kan gi. Dette gir kommunen eit større handlingsrom til å bruke lokalt skjønn. Departementet foreslår vidare at vurderinga av om det skal givast samtykke skal ta utgangspunkt i målet i jordlova § 1

om å ha ein tenleg, variert bruksstruktur. Sentrale moment i vurderinga skal vere om deling fører til ei driftsmessig god løysing, om deling gir betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur, og omsynet til vern av landbruksressursane. Det kan også leggjast vekt på andre relevante forhold dersom dei fell innfor jordlovas formål. Forslaget går fram av nytt tredje ledd i føresegna. I nytt fjerde ledd foreslår departementet at sjølv om kommunen ved avveginga ovanfor kjem til at samtykke til deling ikkje bør givast, skal kommunen ha moglegheit til å dele frå dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i området.

Vedlegg 1 (dagens lovtekst):

§ 12. Deling

Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Forbodet mot deling gjeld òg forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.

Samtykke til deling er ikkje nødvendig når særskild registrert del av eigedom vert seld på tvangssal. Det same gjeld dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dela eigedom.

Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.

Vedlegg 2 (forslag til ny lovtekst):

§ 12. Deling

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk *må godkjennast* av departementet. *Det same gjeld* forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka og dyrkbar jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller om dyrkbar jord skal takast i bruk slik at ho ikkje blir eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9. Skal arealet takast i bruk på ein måte som krev dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt slik dispensasjon.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna

- 1. om delinga fører til ei driftsmessig god løysing,*
- 2. om det vert betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur, og*
- 3. omsynet til vern av landbruksressursane.*

Sjølv om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke givast dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.

Samtykke til deling er ikkje nødvendig når særskild registrert del av eigedom vert seld på tvangssal. Det same gjeld dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dela eigedom.

Dersom deling ikkje er rekviert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.

Departementet kan gi føresegner som gjer unntak for frådeling av mindre areal i samband med grensejustering etter matrikkellova.

Skravert tekst er ny.

Bakgrunn for høyringsnotatet er bl.a. uttale frå næringskomiteen i 2009:

Stortinget vedtok i 2009 ei rekkje endringar i jordlova, konsesjonslova og odelslova. Delingsregelen i jordlova § 12 vart ikkje endra. Innst. O. nr. 90 (2008- 2009) ber fleirtalet i næringskomiteen Regjeringa sjå nærare på to problemstillingar knytte til delingsregelen:

- ♦ Auka harmonisering mellom eigedomsstruktur og bruksstruktur slik at meir av areala kan bli en del av aktivt og ikkje et passivt eigarskap.
- ♦ Omsynet til busetjinga kan i nokre tilfelle trekkje i retning av fleire dispensasjonar frå delingsforbodet, noko som kan føre til eit større utbod av bustadhus i distrikta.

I landbruksmeldinga seier Regjeringa at ho vil "endre praksis i forbindelse med deling av landbrukseiendom". Det vert signalisert i meldinga at det skal leggjast til rette for at det blir enklare å dele frå landbrukseiendom. Dette er grunnlagt med eit ønske om auka omsetjing av landbrukseiendomar for å sleppe friske krefter til og behovet for auka harmonisering av eigedoms- og bruksstruktur, samt omsynet til busetjing i distrikta.

I høyringsdokumentet er det gått inn på dei historiske forholda lova frå 1955 bygger på, bl.a. at lova i utgangspunktet skulle hindre oppdeling i mindre eigedommar enn det som vart sett på som driftsøkonomisk forsvarleg.

Samtykke til deling kan etter dagens lov i utgangspunktet gjevast om det ligg føre samfunnsinteresser av stor vekt eller deling er forsvarleg ut frå den avkastning eigdommen kan gje.

Delingsforbodet gjeld og forpaking, tomtefeste og liknande leige- eller bruksrett til del av eigdommen dersom retten er stifta for lengre tid enn 10 år, eller ikkje kna seiast opp av eigaren.

I 1995 vart jordloven revidert og formålet for lova vart endra. Det var ikkje lenger eit formål å leggje til rette for familiebruk som kunne gi eigaren og huslyden hans trygge økonomiske kår. Formålet i den nye lova var at lova skulle fremje ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Samfunnsinteresser av stor vekt og forsvarleg ut frå den avkastning eigdommen kan gje:

Frådeling som tek sikte på auka sysselsetjing og næringsutvikling på bygdene, kan innebære at vilkåret er oppfylt. Det same gjeld etablering av idrettsanlegg, industriltak og tiltak for å ta vare på verneverdige bygningar. Vilkaåret i lova kan også vere oppfylt når ein etablerer ei eller anna form for samdrift, når frådelinga fører til ei god bruksrasjonalisering eller dersom frådelinga vil vere med på oppretthalde eller styrke busetjinga i eit område.

Ligg det ikkje føre samfunnsinteresser kan deling tillatast dersom **delinga kan vere forsvarleg ut frå den avkastninga eigdommen kan gi**. Denne delen av føresegna tek sikte på å ta vare på inntektsmoglegheitene som finst på, og i samband med eigdommen. Det omfattar både areal som kan brukast til landbruksproduksjon av eitt eller anna slag, og areal som kan komme til nytte i samband med verksemd som naturleg grensar til landbruket, til dømes turisme.

Frådeling av produktive areal vil i dei fleste tilfella vere i strid med omsynet til den avkastning eigdommen kan gje. Bygningar som er naudsynte av omsyn til drifta vil og vere i strid med omsynet til den avkastning eigdommen kan gje.

Det skal takast omsyn til om deling kan føre til **drifts- eller miljømessige ulemper** for landbruket i området. Ulempene kan oppstå på eigedomen som vert delt, men også på andre eigedomar. Berre ulemper som er konkret påreknelege og som har ein viss styrke og eit visst omfang kan trekkjast inn. Tradisjonelt deler ein ulempene i to grupper; direkte og indirekte ulemper. Tråkk og slitasje på jordbruksareal, eller at dyr på beite vert forstyrre er døme på direkte ulemper. Tomter som vert plassert nær driftsbygningen kan gjere bruken av bygningen vanskeleg. Dette er også ei direkte ulempe. Ved frådelling av tomter kan tomtene verte påført ulemper i form av støy, lukt, støv etc. frå landbruksverksemda. Slike ulemper kan igjen føre til krav om restriksjonar i drifta ved offentlege påbod, eller frå den som vert utsett for ulempa, og mange eigarar av resteigedomen vil rette seg etter slike krav.

Delinga skal og vurderast i forhold til godkjente planar etter plan- og bygningsloven. Dette skal særleg vektleggjast i tettstadnære område. Også **omsyn til kulturlandskapet skal vurderast** ved ei avgjerd etter § 12. Med kulturlandskapet meiner departementet bl.a. landskapsbiletet, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdier.

Delingssaker som omfattar omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord må også behandlast etter jordlovas § 9, omdisponering. I ein del saker vil det og bli krav søknad om dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19.

Departementet referer litt statistikk i sitt dokument:

I 2011 vart det behandla 4478 søknader om deling i kommunane. Av desse fekk 4081 søkjarar heilt eller delvis samtykke, mens 397 søknader vart avslått. Departementet referer frå landbruks- og matmeldinga:

I landbruks- og matmeldinga (sjå innleiinga til kapittel 10.4.2) er det slått fast at målet i landbrukslovgivinga om at eigar- og brukar skal vere den same tilseier at det bør stimulerast til at aktive brukarar kan sikre seg eigd tilleggsjord i form av jordbruksareal og skog. Det er vidare vist til at gjennomsnittstorleiken på eigd jordbruksareal er liten og at Noreg har eit skogbruk med små einingar. Det går vidare fram at:

"Når det skal stimuleres til tjenlig variert bruksstruktur, bør virkemidlene i større grad enn i dag legge til rette for omsetning av tilleggsjord og skog. I noen områder kan årsaken til at tilbudet av tilleggsjord og skog er lavt være ulike bestemmelser i landbrukslovgivningen som enten hindrer salg eller reduserer eierens vilje til å selge. Det kan også ha sammenheng med den praksis kommunene fører i enkeltsaker. Jordlovens delingsforbudet et eksempel på en slik hindring. Dersom det blir enklere å dele fra, kan det føre til at flere ønsker å selge tilleggsjord og skog i aktive områder der det er vanskelig å få kjøpt eller leid slike arealer i dag. Reglene skal ivareta jordvernet, og delingspraksisen skal være i tråd med målene i landbruks- og matpolitikken."

Det er i same punkt uttala følgjande:

"Undersøkelser viser at det mange steder er en underdekning på tilgjengelige landbrukseiendommer, dvs, at det er flere som etterspør slike eiendommer enn det er villige selgere. Mange av dem som etterspør slike eiendommer er primært ute etter en romslig boplass, gjerne nær naturen, med muligheter for fysisk lek for barn og ungdom og med lett tilgang til friluftsliv. Utenom pressområdene er det viktig å utnytte arealene slik at de kan bidra til slik livskvalitet. Dette kan bl.a. styrke mulighetene for å opprettholde bosettingen i sårbare samfunn. Også i denne sammenhengen kan forenklinger i jordlovens delingsforbud legge til rette for at mulighetene som ligger i fradeling og endret bruk kan bli utnyttet i større grad enn i dag.

Fleirtalet i næringskomiteen uttalte i Innst. 234 S (2011-2012) følgjande i tilknytning til forslaga: "Flertallet merker seg at regjeringen ønsker økt omsetning av ubebodde landbrukseiendommer og mer aktiv bruk av mindre eiendommer til bosetting og fritidsbruk, og ser det som positivt at det blir enklere å fradele romslige tomter, tun og bolighus, samtidig som produktive jord- og skogbruksarealer kan bli solgt til andre landbrukseiendommer i nærheten med aktiv drift.

Når det gjelder fradeling av hus og tomt fra landbrukseiendom, ser flertallet fram til at det legges opptil fleksibilitet i regelverket, slik at praksis i størst mulig grad kan tilpasses lokale behov."

Departementet fokuserer på **problematikken med leigejord** (s. 9). I 2008 var 39,9 % av dyrkajorda leigd areal, medan det i 2011 hadde auka til 42,5 %. I tillegg har dei fokus på talet på bustadhus utan fast busetting. I 2010 var dette talet 33 000. Dei syner og til at etterspurnaden etter landbruks-eigedommar i mange delar av landet er større enn utbodet. På ein del av desse kan det vere aktuelt å dele frå bustadhuset med ei passeleg tomt, medan resten av eigdommen vert seld som tilleggsjord. Dei signaliserer og at det skal vere lett å dele frå kårustader.

Vurdering:

Det er eit grundig og godt skrivi høyringsdokument som departementet har sendt ut. I loveteksten blir det slått fast at dersom delingssaken omfattar dyrkajord, skal saken først behandlast etter jordlovas § 9, omdisponering. Skal arealet takast i bruk på ein måte som krev dispensasjon etter plan- og bygningsloven kap 19. må det innhenta løyve til slik disp.

I forslag til ny § 12, 3. ledd

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna

- 1 om delinga fører til ei driftsmessig god løysing,*
- 2 om det vert betresamsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur,*
- 3 og omsynet til vern av landbruksressursane.*

Nytt ledd 4

Sjølv om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke givast dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i området.

Intensjonen i forslag til ny jordlov er å leggje til rette for meir fleksible delingar enn dagens paragraf legg opp.

Administrasjonen er av den oppfatning at ein i gjeldande delingsparagraf i jordloven § 12 har det handlingsrommet som departementet søkjer etter.

Under omgrepet samfunnsinteresser av stor vekt ligg kan det vektleggjast mange ulike vurderingar, både bruksrasjonalisering og busetjing er nemnt under samfunnsinteresser av stor vekt.

Alternativet samfunnsinteresser av stor vekt gjeld tiltak som har stor verdi for allmenta eller ei større gruppe personar. Interessa kan vere av økonomisk eller ikkje-økonomisk art. Personlege eller private interesser som ikkje samtidig er ei samfunnsinteresse, fell utanfor. Frådeling som tek sikte på auka sysselsetjing og næringsutvikling på bygdene, kan innebære at vilkåret er oppfylt. Det same gjeld etablering av idrettsanlegg, industritiltak og tiltak for å ta vare på verneverdige bygningar. Vilkåret i lova kan også vere oppfylt når ein etablerer ei eller anna form for samdrift, når frådelinga fører til ei god bruksrasjonalisering eller dersom frådelinga vil vere med på oppretthalde eller styrke busetjinga i eit område.

Dette betyr at ein etter gjeldande lov kan dele frå både til busetting og som tilleggsareal til gardsbruk, som gjev driftsmessig gode løysingar (rasjonaliseringsaker). Dette blir gjort i dag.

Også når det gjeld vurdering i forhold til den avkasting eigedommen kan gje, vil det etter dagens praktisering vere rom for å dele frå areal der det ligg til rette for det. Frådeling av av t.d. 1,5 daa dårleg skogsmark som ikkje vil gje drifts- eller miljømessige ulemper vil i stor grad vere i tråd lova.

I forslaget til ny paragraf er ikkje drifts- eller miljømessige ulemper nemnd. Dette er uheldig då ein ser reelle døme på konflikter der det er frådelt areal til bustad- eller andre formål nær dyrkajord/ tun o.l. Dette er moment som blir vurdert når det ligg føre samfunnsinteresser av stor vekt, eller delinga er forsvarleg ut frå den avkasting eigedommen kan gje.

Det er i høyringsdokumentet referert til i underkant av 10% avslag. Det vert antyda at mange saker vert stoppa i rettleiingsfasa mot søkjer. Administrasjonen vil peike på at mange avslag gjeld søknadar der delinga omfattar fulldyrka areal. Målet om minimalisering av omdisponering av dyrka- og dyrkbar jord ligg fortsatt til grunn ved endringa av jordloven. Det er difor ikkje overraskande at ein har ein del avslag. Når det er under 10 % avslag fungerer lova som ei ja-lov og ikkje nei-lov.

Når det gjeld frådeling av romslege bustadtomter og tun med litt ekstra areal, er det viktig å vere klar over at det pr.d.d. eksisterer svært mange små gardsbruk i kommunenorge. Mange blir berre nytta som fritidseigedommar. Kommunane har høve til innføre nedsett konsesjonsgrense som kan føre til eit større utbod av denne type landbrukseigedommar.

Ved å vere restriktiv til frådeling av areal som omfattar dyrka- og dyrkbar blir det mindre omdisponering av dyrka- og dyrkbar jord.

Ny § 12, 3. og 4. ledd

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna

- 1. om delinga fører til ei driftsmessig god løysing,*
- 2. om det vert betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur, og*
- 3. omsynet til vern av landbruksressursane.*

Sjølv om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke givast dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i området.

Ved å innføre eit nytt fjerde ledd som sier at: *«Sjølvs om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke kan givast dersom deling vil ivareta omsynet til busettinga»*, vil det bli svært vanskeleg å nekte frådeling i saker der delinga kan relaterast til busetting. Sjølvs om søknaden skal behandlast etter jordlovas § 9 omdisponering og evt. etter plan og bygningsloven kap. 19 dispensasjon, vil denne paragrafen sannsynlegvis dreie fokus frå vern av dyrkajord og mot busetting også i jordlovens § 9 og i plan og bygningsloven kapittel 19. Dette vil vere i direkte motstrid til målsettinga om reduksjon av omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

Døme kan vere i rasjonaliseringssaker. Dårleg driftsmessig løysing (held att nokre daa dyrkajord som etter søkjar sitt ønskje skal nyttast til hobbylandbruksprosjekt), men tunet skal nyttast til busetting. Gode intensjonar, ingen omdisponering, men i realitet snikomdisponering. Ledd fire i ny lov gjer det vanskeleg å nekte frådeling.

Er det heldig å dreie fokus? Vi har mykje areal å ta av i Norge. Etter gjeldande lov er det få saker der ein nektar frådeling til bustadformål der det ligg til rette for det, t.d. frådeling av eit skogsareal eller beiteareal som ikkje er spesielt eigna til dyrking. Også i rasjonaliseringssaker er det eit stort handlingsrom for dei kommunane som ønskjer å leggje til rette for å det. At einskilde kommunar har strenge krav til kva som er ein god rasjonaliseringssak, bør kanskje vere innafor det kommunale handlingsrommet til kommunane.

Departementet har tidlegare peika på at deling av enkelttomter ofte fører til ein bit for bit politikk, som fragmenter kulturlandskapet, og på sikt endrar kulturlandskapet i klart negativ retning. Omsynet til kulturlandskapet har difor blitt vektlagt i gjeldande lovtekst. I forslaget til ny § 12 er ikkje kulturlandskapet nemnt. Kulturlandskapet, som av mange blir nemnt som særskild viktig for reiselivet, blir i eit langsiktig perspektiv fragmentert og ofte endra planløst gjennom enkeltvedtak. Omsynet til kulturlandskapet bør inn i ny lovtekst.

I den nye lovteksten er ikkje omsynet til drifts- eller miljømessige ulemper nemnt. Dette er uheldig då dette er reelle problemstillingar som landbruksforvaltninga i kommunane er kjent med. Dette er problemstillingar som kan oppstå fleire år etter at frådelinga er gjennomført.

Rådmannens forslag til fråsegn:

Alt.1

Vågå kommune støtter det utsendte forslaget frå LMD om endringar i jordlovens § 12, og meiner forslaget vil gje kommunane eit større handlingsrom i samband med arealdisponering i enkeltsaker knyta til LNF-områda.

Alt.2

- ♦ Vågå kommune støtter ikkje det utsendte forslaget frå LMD om endringar i jordlovens § 12.

- ♦ Vågå kommune er av den oppfatning at det handlingsrommet som er tillagt kommunane i dagens jordlov § 12, ivartar det ein ønskjer å oppnå i ein ny lovtekst. Dagens praktisering av omgrepet «*samfunnsinteresser av stor vekt*» og «*forsvarleg ut frå den avkasting eigedommen kan gje*» gir kommunane det handlingsrommet som gjer at ein kan oppnå dei effektane LMD ønskjer med den nye lovteksten i jordloven § 12. Dette gjeld bl.a. frådeling av enkelttomter i LNF-område, i rasjonaliseringssaker med arrondering av romsleg tomt rundt tunet og ved frådeling av kårustader.
- ♦ Spesielt er det uheldig at omsynet til drifts- eller miljømessige ulemper er fjerna i ny lovtekst.
- ♦ Det er og uheldig at omsynet til kulturlandskapet ikkje er nemnt i ny lovtekst.
- ♦ Vågå kommune er skeptisk til nytt ledd fire der det kan gjevast samtykke til deling om det vil ivareta omsynet til busetjinga i området, sjølv om det ikkje fører til ein driftsmessig god løysing (ledd 3 pkt. 1), om det ikkje vert betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur (ledd 3 pkt. 2), om det ikkje vernar om landbruksressursane (ledd 3 pkt 3).

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 08.03.2013

Behandling: Arbeidarpartiet kom med eit tredje alternativ til vedtak:

Vågå kommune støtter forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i jordlovens § 12 fordi nytt lovforslag vil føre til ei betre tilpassing til dagens praksis.

VK meiner imidlertid at omsynet til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket og omsynet til kulturlandskaper må inn i ny lovtekst.

Vidare ber VK LMD avklare kva slags areal som kan delast frå sjølv om det ikkje ligg til rette med tanke på drift, eigedoms- og bruksstruktur, og vern av landbruksressursane, og til slutt korleis kommunane skal handtere frådelingssaker der rettighet til setre mm. vil bli eit tema.

Vedtak: Samrøystes.

Vågå kommune støtter forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i jordlovens § 12 fordi nytt lovforslag vil føre til ei betre tilpassing til dagens praksis.

VK meiner imidlertid at omsynet til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket og omsynet til kulturlandskaper må inn i ny lovtekst.

Vidare ber VK LMD avklare kva slags areal som kan delast frå sjølv om det ikkje ligg til rette med tanke på drift, eigedoms- og bruksstruktur, og vern av landbruksressursane, og til slutt korleis kommunane skal handtere frådelingssaker der rettigheit til setre mm. vil bli eit tema.